

Bygdebok for Alversund  
v/Inge Alver  
5914 Isdalstø

Org.nr. 919 550 163

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
02 OKT 2019	
Ark. saksnr. 15/648	Opp.tit.
Sakst.	Tilgangskode

Seim, 26.9.2019

Lindås kommune  
Kultur- og aktivitetseininga  
Kvernhusmyrane 20

5914 Isdalstø

#### TILSKOT TIL SKRIVING AV BYGDEBOK FOR ALVERSUND

Me viser til brev frå dykk 8.9.2017 (15/648 – 17/24876).

Framdrifta i bygdebokarbeidet går etter planen, og manus for store delar av Alversund på fastlandet har no kome i tillegg til Radøy-sida.

Me viser til vedlagd rapport frå bygdebokskrivar Anders Haugland 3.6.2019 og oppmodar om utbetaling av den avsette summen for året (415 000) til vår bankkonto 3632 60 49055.

Med helsing  
Bygdebok for Alversund

  
Jostein Mykletun

## Rapport om bygdebokarbeidet

Dette halvåret har gått med til å gjera ferdig manus for Sellevoll, Fosse (Indre og Ytre), Furhovden og Håland. Alt manus er sendt ut til dei eg har skrive om (som regel ein i kvar omtalte familie). Det har kome ein god del tilbakemeldingar. Eg har no tatt fatt på Kvamme (Nedre og Øvre).

Dei gardane som då står att er Litleskare (der det så langt ikkje er levert familieskjema), Erstad, Tveiten (Nedre og Øvre) og Alver. Dette er til dels store gardar, som tar tid og plass (især Alver).

Eg reknar med at eg blir ferdig med manus-skrivinga neste år, eit godt stykke ut på året. Deretter skal manus setjast opp av eit trykkeri / forlag (som styret gjer avtale med), og eg skal (ifølgje kontrakten) kontrollere at boksidene vert korrekt oppsette og skriva bildetekstar m.m.. Men dette kjem me tilbake til når den tid nærmar seg.

Ølen 3. juni 2019  
Anders Haugland